



Stiane og aktivitetsflatene vert klargjort for asfaltering i veka som kjem.

Prosjektet Gull av grus går på fram. I dag vert stiane og aktivitetsflatene klargjort for asfaltering. Arbeidet vert truleg gjort ut i veka. Stian Haugland frå Haugland Maskin la ut grusen og finplanerte med ein dertil eigna redskap kalla avrettingsbjelke. Odd Steinar Arnesen gjekk med hoppetussa. Oddmund Soldal er primus motor og ser til at arbeidet vert gjort etter spesifikasjon.

Kvinnherad Asfalt legg ut asfalten i denne veka. Treningsapparata er førebels demonterte, men skal på plass straks arbeidet er gjort. Mykje tid og krefter vert spart ved bruk av gode maskinar. Stian Haugland med sin kunnskap er alltid ei god hjelp i framdrifta.

Stian Haugland syner oss korleis han brukar avrettingsbjelken. Med ein liten styrespake i førarhuset kan han snu og venda bjelken i alle retningar, - vertikalt, horisontalt og rundt. Han legg ut grusen, pakkar og tromlar arealet. Det er montert ein godt synleg vater på redskapen. Trommelen på bjelken har ei vekt på 400 kg. I tillegg brukar han vekta frå maskinen for å komprimera massane.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Stian Haugland frå Haugland Maskin planerer og pakkar grusen med å bruka ein avrettingsbjelke, som han styrer i alle retningar.